Det vart sett i gang ei intens leiting etter uran. Grafitten som dei fekk, var urein og ikkje brukbar. Kurchatov syntes han fekk for lita støtte. Stalin og Beria var i røynda ikkje særleg interesserte. Mistenksam som Beria var, meinte han at spionmaterialet var eit narrespel frå amerikansk side for å få Sovjet til å kaste bort ressursar. At gruppa til Kurchatov analyserte seg fram til at bomber kunne lagast, gjorde ikkje stort inntrykk på han. Berre det som kom frå Vesten var påliteleg, og russiske spionar kunne vera upålitelege!

I mars 1945 starta Sovjet uranutvinning i Tsjekia og Tyskland. Dei fann òg mellom 200 og 300 tonn uranoksyd. Okkupasjonen av Tyskland skaffa Sovjet nytt utstyr, uran og ein del vitenskapsmenn som kom godt med. Men frå den politiske leiinga var kjerneprosjekta ennå ikkje sett på som særleg viktig. Stalin forstod ikkje kva som var på gang. I mai 1945 skreiv Kurchatov m.fl. brev til Stalin og ba om auke i midlane. Ingenting skjedde. Beria hadde tydelegvis vorte ennå meir mistenksam overfor etterretningsmaterialet nå som han vart klar over at tyskarane ikkje hadde kome nokon veg med atombomba. Trass i ein rapport frå Fuchs, der det gjekk fram at USA planla å teste ei bombe 10. juli 1945, er det ikkje noko som tyder på at den politiske leiinga forstod korleis atomvåpen ville verke inn på maktpolitikken.



Stalin og Truman i forgunnen ved Potsdamkonferansen i juli 1945

16. juli eksploderte den fyrste bomba i USA. President Truman nemde i forbifarten under Potsdamkonferansen at dei nå hadde eit nytt våpen med uvanleg stor øydeleggingskraft. Stalin let som han ikkje forstod. Den 6. august fall bomba i Hiroshima. Nå forstod Stalin at det var alvor og ville skaffe seg kjernevåpen, koste kva det koste ville.

Trugsmål frå vest?

Nå som krigen endeleg var slutt meinte storparten av forskarane i Manhattanprosjektet at dei hadde gjort nok for å lage masseøydeleggingsvåpen. Dei forlet bombeprosjektet og vende attende til universitet og forskingsinstitusjonar. Dei la bak seg ei tid som dei fleste minnest som den mest interessante i sitt liv. Men det var ikkje småtteri dei hadde å tenkje på. Dei hadde fått ånda ut av flaska og gjeve menneska ei makt over naturen som gjorde at all sivilisasjon kunne utslettast. Ei veldig drivkraft i dette arbeidet hadde vore faren for at Hitler skulle skaffe seg atomvåpen. Den var nå borte. Mange meinte det internasjonale samfunnet måtte mana ånda ned att i flaska - kjernevåpen måtte koma under internasjonal kontroll. Men dei vann ikkje fram. Churchill meinte til og med at Niels Bohr burde bli stengt inne!

I Moskva var det nå det retteleg starta, og Holloway meiner at ingen ting kunne ha endra utviklinga som ho vart. Atombomba var ikkje berre eit kraftig våpen, men også eit symbol på amerikansk

makt og velde. Som det mektigaste symbolet på amerikansk økonomisk og teknologisk makt var atombomba *ipso facto* noko Sovjet òg måtte ha. Sovjet fylgde den teknologiske vegen til dei avanserte kapitalistiske landa. Om Truman og Churchill hadde høyrte på Bohr så ville Stalin likevel ha sett i gong med å lage si eiga bombe, meiner Holloway.

Stalin ustoppelig

Totalitære og eineveldige regime har det lettare enn demokratiske når det gjeld å setja i gang store prosjekt. Dei egyptiske pyramidane og den kinesiske muren er døme på det. Dei kan langt lettare krevje offer av sine innbyggjarar. Men det er ikkje nok. Ein må ha folk som kan gjennomføre prosjekta og er oppglodde over det dei arbeider med. Slike folk fanst i Sovjet.

Beria gjorde kjernevåpen til sitt favorittprosjekt og vart formann i Spesialkomiteen for atombomba som vart sett ned 20. august 1945. Han fann snart ut at naturvitenskapsmenn ikkje kunne hersast med på same måten som vanlege folk. Beria ville ha resultat og insisterte på å fylgje amerikanarane. I oktober fekk han opplysningar frå Fusch som var så detaljerte at ein god ingeniør kunne lage arbeidsteikningar ut i frå dei. Få kjende til etterretningsrapportane, og heller ikkje at dei laga ein kopi av den amerikanske bomba. Stalin var like mistruisk til origi-

Forts. på side 18

Forts. fra side 17

nale russiske idear som Beria. Han møtte Kurchatov i 1946 og ba han lage ei bombe så fort som råd utan å ta omsyn til kostnadane. Kort tid etter held han ein tale i Bolsjoj-teateret der han understreka kor viktig naturvitskap var. Løn og budsjett for vitskap auka kraftig og vitskapsmennene fekk gode arbeidstillhøve og høg prestisje. Framgangen vart stor. Forskarane var ikkje berre patriotar, dei kjende seg òg sterkt truga av vestmaktene slik som vestlege vitskapsmenn hadde kjent seg truga av Tyskland.

Stalins Manhattan-prosjekt

Storleiken på prosjektet var fantastisk - 300 - 500 000 involverte. Dei fleste var i uranindustrien og var fangar, 20-30 000 var i produksjon og 5-8 000 i forskning. Prosjektet var ei merkeleg blanding av det beste og det verste i Sovjet - entusiastiske vitskapsmenn og ingeniørar, men og fangar som levde i umenneskelege tilhøve. Juledagen 1946 kom Kurchatovs reaktor i gang - fire år etter Fermi sin. Fyrst i 1951 klarde dei å produsere uran som inneheldt over 90 prosent U235. Dette var lenge etter at den fyrste sovjetiske (kopien av den amerikanske) plutoniumbomba eksploderte i 1949.

Men før dette skjedde, hadde dei russiske fysikarane funne eit alternativ til den amerikanske: Ei bombe som halverte vekt og dobla sprengkrafta. Ho vart testa i 1951. Frå dette tidspunktet var russerane ikkje lenger avhengige av spionasje. Holloway meiner som dei fleste andre eksperter at spionasjen førde til at den fyrste russiske bomba eksploderte berre eit eller to år tidlegare enn det ho elles ville ha gjort. Tilgang på uranmetall hadde vore hovudproblemet. Det var ikkje noko maktbalanse ennå, og det skulle ta mange år før det vart det.

Villeiande spionasje?

Politikarar i vest trudde at det skulle ta lang tid før andre kunne lage atombomber. Oppenheimer fortel at Truman spurde han om når den russiske bomba kom, og han svara at det visste han ikkje. Men eg veit det, sa Truman: "Aldri".

I september 1945 skreiv Frenkel eit brev til Kurchatov der han foreslo at fisjonsbomber kunne brukast til å indusere fusjon - ei hydrogenbombe. Kurchatov foreslo å bruke ei atombombe til å tenne deuterium, ein tanke som minner om



Fysikerne Andrei Sakharov og Igor Kurchatov var begge sentrale i utviklingen av den sovjetiske atombomben.

Tellers «Klassiske Super». Dei vart fort klar over at USA var inne på same tanken. Alt i september 1947 fortalde Fuchs om hydrogenbombeutviklinga i USA, og Beria ga grønt lys for det nye prosjektet. Om hausten 1948 kom Sakharov opp med ein idé om korleis ein kunne få det til - ved å bruke lag på lag skiftesvis av uran og deuterium bunde i tungtvatn. (Teller hadde hatt ein liknande idé: «Vekkjarklokka»). I dette prosjektet var spionasjen meir til hinder enn til gagn. Teller hadde kome inn i ei blindgate som russerane også vart nøydd til å fylgje, all den tid Beria og Stalin meinte at det var i Vesten den verkelege kompetansen låg.

Den fyrste bomba som fekk ein vesentleg del av sprengkrafta si frå fusjon vart såleis russisk, og eksploderte i 1953. Men det var berre tilsynelatande at Sovjet var i teten. I mars 1954 gjennomførte USA Bravo-testen basert på ein heilt ny teknikk. Det tydde også at den metoden som russerane fåfengt hadde streva med å finne fram til, likevel eksisterte. Nå som dei visste at det kunne gjerast, tok dei berre to månader å utvikle ein liknande metode!

Det som nå skjedde, viser sjølvtiliten som fysikarane hadde opparbeidd. Med støtte frå sjefane Kurchatov og Khariton gjekk dei mot ordrane som dei hadde frå Presidiet, og vidareutvikla den nye metoden. Det vart eit sabla sirkus, men fagfolka heldt på sitt og vann fram. I november 1955, eitt og eit halvt år etter den amerikanske, vart den nye bombetypen reali-

sert. Bomba var hundre gonger kraftigare enn Hiroshimabomba.

Prøvestans?

Det er naturleg å spørja om ei tidleg prøvestansavtale hadde kunna stoppe utviklinga av hydrogenbomba? Holloway trur ikkje det. Han støttar seg på det Khariton har sagt og det Sakharov har skrive. Holloway meiner at uansett kva slags framlegg som hadde kome frå USA så ville Stalin ha sett på det som forsøk på å lure han. Ein gong i framtida ville det koma til krig. Difor vart også interkontinentale rakettar viktig for Stalin.

USA hadde bombefly som kunne nå fram til mål overalt i Sovjet frå basar like ved. Sovjet hadde ikkje det. Holloway meiner Stalin sette i gang ei opprusting som det ville ha vore uråd å koma ut av, nærmast uansett USAs holdning. Om dette er nok meiningane meire delte. Etter at Stalin var borte, dukka uttrykket «fredfull sameksistens» opp. Men det var stor usemje om dette i Sovjet. I den politiske leiinga hadde det nå endeleg sige inn kor øydeleggande kjernevåpen var. Det hadde fysikarane ei stor del av æra for. Khrusjtsjov vart så skræmd av det som Kurchatov fortalde, at han miste nattesvevnen. Maktapparatet forstod at Sovjet og Vesten ville bli øydelagt ved krig, men tok likevel offisielt den haldninga at krig ville vera enden for kapitalismen. Gamle slagord er det vanskeleg å gjera ende på!

I 1955 tok dei sovjetiske styresmaktene initiativ til ei betring av tilhøvet til

Vestmaktene. Khrusjtsjov trekte troppene sine ut av Austerrike og aksepterte nær på alle krav for å få ein prøvestansavtale. Konsekvensen var at USA trekte sine framlegg attende! Dette sjølv om USA då hadde meir enn 2000 bomber - det tidobbelte av det Sovjet hadde på den tida. Dei russiske bombene kunne heller ikkje nå USA.

Det er vanskeleg for meg å akseptere at ei slik haldning frå Vestmaktene ikkje hadde avgjerande innverknad på at våpenkapplauget heldt fram som det gjorde, med oppbygging av meiningslaust store lager på bae sider. Den faren som ligg i kjernekraftverkulykker er som ingenting å rekne samanlikna med den faren som bombene representerer. Men det er ei anna historie.

Intellektuell fristad

Holloway gjer det tydeleg at gjennom det arbeidet som fysikarar og kjemikarar gjorde for den sovjetiske våpenmakta, skapte dei seg samstundes ein intellektuell fristad. Dei forvalta ein kunnskap som var så viktig at styresmaktene ikkje turde herse med dei på same måten som dei gjorde med biologane. Det var tydeleg for alle kvar sakkunnskapen sat. Forskarane visste best korleis ein skulle gå fram. Dei var overtydde om at vitskap er av allmenn menneskeleg natur, og er ein kulturell aktivitet som går ut over det som er politisk eller økonomisk interessant. Dei meinte òg at vitskap burde tene som eit mønster for eit humanitært og demokratisk samfunn. Det skulle ikkje undre nokon at det var frå dette miljøet at ein person som Sakharov stod fram. Han vart ein eksponent for alle som såg på vitskap som ei drivande kraft når det gjaldt rasjonalitet og demokrati.

Tittelen på boka «Stalin and the bomb» kan få ein til å tru at dette er ei bok om despoti, undertrykking og redselsfulle hendingar. Og det er det nok å finne av i boka. Men det er også ei bok om gåverike, karakterfaste og modige personar som heldt fast på menneskeverdet sitt, og som var med på å få samfunnet til å forstå at kjernefysisk krig berre gjev taparar. Eg skal garantere at alle som les denne boka, vil gjera det med glede. Det er ikkje berre god historie, men også mange gode historier som gjer aktørane i dette store dramaet levande for oss.

Hallstein Høgåsen er professor i fysikk ved Universitet i Oslo

Treffsikre kraftsalver?

Professor Bernt Hagtvet (statsvitenskap) reiser i en Dagbladkronikk (04.08.98) spørsmåtl om norske studenter mangler erkjennelseslyst. I *Aftenposten* fulgte professor Arne Løvlie opp kritikken og en interessant debatt fulgte. Hagtvet mener det nå må "sies tydelig fra at studenter anno 1998 altfor sjelden oppviser selvstendig erkjennelseslyst. Og det er et problem med arbeidsdisiplinen. Disse to momenter henger sammen. Ofte spør jeg meg selv hva så mange gjør på et universitet når det ville bli lykkeligere (...) av å gjøre noe annet."

Hagtvet mener studentene er "pensumbesatt og fagforeningsfiksert" - Studenter fra u-land har ofte et større erkjennelsesdriv enn "matleie nordmenn". Til slutt spør han lett retorisk:

"Hvorfor la alt komme til dere i forelesninger? Dere har jo hele verdenslitteraturen, alle klassikerne, verdens mest spennende forskningstidsskrifter. Det er det mye lys og varme. Den som glemmer at universitetet er og forblir verdens mest spennende sted, bør tenke på at det finnes andre arbeidsmuligheter utenfor dets vegger. Spar oss å legge skylden på andre for at det går så dårlig. Det er opp til hver enkelt å få noe ut av studietiden."

Uavhengig forskning

Regjeringen ønsker at den medisinske forskningen skal få en mer uavhengig stilling. Dette sa statssekretær Idar Magne Holme i Sosial- og helsedepartementet til NRK Radio 30.07.98.

Legemiddelindustriens omfattende finansiering av medisinsk forskning har lenge bekymret flere forskningsinstitusjoner og framtreddende medisinerere. Professor Helge L. Waldum ved Det medisinske fakultet, NTNU, er en av disse. Han har ved flere anledninger prøvd å få helsemyndighetene til å gå inn for å opprette statlige finansierte forskningsenheter som er faglig og økonomisk uavhengige av farmasøytisk industri. I et intervju i *Dagens Næringsliv* (05.06.98) uttalte han at:

- Jeg er ikke imot at industrien bevilger penger til forskning. Poenget er at det skjer i full åpenhet, og at det er absolutt helt nødvendig at vi har 100 prosent uavhengige instanser i tillegg. Regjeringen ønsker å øke rammene til den medisinske forskningen generelt på neste års statsbudsjett, men vil klokkelig nok ikke angi

Internasjonalt nivå?

Professor Arne Løvlie (biologi) ser betydelige svakheter ved studie- og eksamensopplegg i Norge. Han reiser også det provoserende spørsmålet "om det internasjonale nivå er for høyt for et flertall av norske studenter" - og hvorfor ledes ikke de studentene som ikke kan følge med, over i annen utdanning?

Universitetet bør nå åpent erkjenne at studentenes forkunnskaper er så dårlige at man nå må gi "begynnerundervisning parallelt med den som foregår i den videregående skole." Løvlie mener det gis banale eksamensoppgaver for å unngå høye strykporsenter. Resultatet er "falske varedeklarasjoner."

Rektor Lucy Smith (jus) er bare delvis enig i kritikken som Hagtvet reiser. Hun advarer i *Dagbladet* 14.08.98 mot å drømme seg tilbake til de gode gamle dager på universitetet. Smith ser flere positive sider ved dagens masseuniversitet og mener Universitetet i Oslo er bevis på at også store universiteter kan være av høy kvalitet. Hun konkluderer med at under forutsetningen av "tilstrekkelig ressurser" "skal vi greie å oppfylle vår ambisjon om å være blant de beste undervisningsuniversitetene i Europa til glede for studentene selv og for det norske."

rammene for den økte satsingen mens regjeringen utarbeider budsjettet.

Populariseringsproblem

"Den vanlige innvendig man får som popularisator er at dette blir for komplekst og detaljert for den alminnelige leser, få frem hovedbudskapet. Som universitetsansatt er imidlertid popularisering, ved siden av forskning og undervisning, en av våre tre plikter. I en tid hvor universitetene og forskning generelt opplever et stadig kaldere klima, er dette viktigere enn noen gang. Jeg vil tro at det verken er manglende evne eller vilje som marginaliserer denne oppgaven, men frykten for kollegers tenkte eller uttalte uenighet med fremstillingen. Stikker man hodet frem, må man rimeligvis tåle noen faglige innvendinger, men generelt hadde det vært ønskelig med en mer konstruktiv holdning til denne siden av vår embedsgjering." (Professor Dag O. Hessen, *Aftenposten* 15.08.98)

Magnus Rindal

Fri forskning?

I Forskningspolitikk 1/98 og 2/98 har Nils Roll-Hansen og Arild Underdal hatt to interessante innlegg om programforskning, der dei har peika på nokre veikskapar ved denne måten å organisere forskinga på.

Eg er samd med Underdal i at programorganisering er eit veileigna verkemiddel for fleire føremål, når den blir brukt der den skal. Eit viktig spørsmål er så om denne organiseringa er til skade for den frie forskinga. Den reindyrka modellen for fri forskning er denne: Forskaren får den naudsynte finansieringa av si forskning utan at nokon annan instans vurderer og legg føringar på fagfelt, prosjektplan, forskarens kvalifikasjonar, problemstilling og hypotese, teori, modell og metode, gjennomføring, konklusjon og resultat.

Men val av kva fagfelt som det skal forskast på, har aldri vore fritt. Forskinga i universitetssektoren har vore bestemt av utdanningsbehov, felte for anna forskning har vore bestemte av prioriteringane til dei som har finansiert forskinga.

Det er mi vurdering at grunnforskningsprogramma i Forskningsrådet opnar for mykje fri forskning. Eg reknar då med at programstyra ikkje legg seg opp i forskarens hypotese, teori, modell og metode, gjennomføring, konklusjon og resultat. Dette er vesentlege element i den frie forskinga.

Kvaliteten i sjølve forskingsprosessen er primært avhengig av forskaranes kompetanse. Dette gjeld både fri forskning og programforskning. Dessutan meiner eg at samarbeid mellom forskarar, gjerne frå ulike disiplinær, er fremjande for kvaliteten i forskingsprosessen. Slikt samarbeid oppnår ein lettare i forskingsprogram enn i den frie forskinga. Kvaliteten på forskingsresultata kan best vurderast ved fagfellevurdering, og det er difor viktig med publisering med slik vurdering. Her står truleg den frie forskinga sterkare enn delar av programforskinga, der publiseringa er underlagd andre vurderingar, og der relevanskravet er mykje sterkare.

I universitetssektoren er det ein sterk tradisjon for at forskingsløyvingane blir jamt fordelte mellom alle medlemmene av forskarsamfunnet, utan noka form for styring. Men vi er no komne i ein fase der samfunnet stiller spørsmål ved vår bruk

av forskingsløyvingar. Det er difor naudsynt også å vurdere produktivitet og kvalitet ved fordelinga. Det vil tvinge fram litt av den tenkinga som ligg bak dei frie prosjekta i Forskningsrådet.

Det er likevel mitt syn at hovudregelen skal vere at alle forskarane i universitetssektoren automatisk får eit økonomisk grunnlag som gjer det mogleg å drive forskning utan å måtte konkurrere om ekstra løyvingar. Berre på den måten kan vi halde ved lag ei sterk satsing på den frie, forskarinitierte grunnforskinga, som må ligge som basis for all anna forskning.

Som nemnt før, har det alltid vore ei styring av kva felt som det skal drivast forskning på. Derimot skal det ikkje vere noka styring av hypotese, teori, modell og metode, gjennomføring, konklusjon og resultat, og slik er det vel heller ikkje, korkje i programforskinga eller i den frie forskinga.

Min konklusjon er at det systemet vi i dag har med handlingsretta program, grunnforskningsprogram og frie posjekt i Forskningsrådets regi, og fri, forskarinitiert forskning i regi av universitetssektoren, er eit tenleg system. Vilåret er då at programma gjev langsiktig kompetanseoppbygging, og legg vekt på fagleg kvalitet, og at universitetssektoren i framtida får løyvingar som set den i stand til å fylle si oppgave i den frie forskinga.

Eg er i tvil om det er rett som Roll-Hansen seier, at programorganiseringa i seg sjølv har «betydd en vridning mot mer anvendt forskning». Det er vel heller slik den større vekta på anvend forskning har fått sitt uttrykk ved fleire program. Dersom departementet vil auke innsatsen i den frie, forskarinitierte forskinga, må løyvingane i høgare grad gå direkte til universitetssektoren, og det må vere ei automatisk per capita-fordeling på institusjonane. Det er spennande å sjå om departementet ønskjer ei slik utvikling.

Magnus Rindal er professor i nordisk mellomalderkultur ved Universitetet i Oslo.

FFIs Historie

Forskningspolitikk 2/98 bringer to omtaler av Forsvarets forskningsinstituttts historie: *Kunnskap som våpen. Forsvarets forskningsinstitutt 1946-70*. Jeg takker for den hyggelige oppmerksomheten for temaet.

Imidlertid er jeg litt usikker på hvordan jeg skal oppfatte Nils Petter Gleditsch. Hans utgangspunkt synes å være at han vanskelig kan akseptere - som en mulighet - at instituttet i denne perioden det gjelder, ble ledet av et sikkert skjønn i forhold til det gagnlige, og at dets bærende prosjekter ble gjennomført av til dels eksepsjonelt dyktige personer som så tidens utfordringer og utnyttet dens muligheter. Når boken tegner et såvidt positivt bilde, skyldes det etter Gleditsch syn at den er et bestillingsverk basert på mangelfulle kilder. Tatt i betraktning av at Gleditsch kan ha et troverdighetsproblem som "synser" i forhold til instituttets virksomhet, hadde det vært svært rimelig om han begrunnet sin skepsis overfor Njølstad og Wickens arbeid med noen konkrete eksempler.

Gleditsch skriver avslutningsvis: "*Siste ord*" blir aldri sagt i en slik debatt, men det er åpenbart at den bredere analysen av FFIs rolle i det norske samfunn knapt har påbegynt." Jeg har ikke vært klar over eksistensen av debatten, men ser frem til den bredere analysen.

Nils Holme

Svar til Holme

Njølstad og Wicken har skrevet en god og interessant bok om FFIs historie. Det kunne jeg kanskje ha understreket enda tydeligere i min anmeldelse, og jeg benytter gjerne denne anledningen til å poengtere det. Derimot er jeg ikke svært opptatt av FFI-direktørens bekymring for mine eventuelle troverdighetsproblemer eller for hva han tror jeg mener om FFIs arbeid. Jeg har ikke noe som helst problem med å akseptere den hypotese at FFI har vært ledet - ja kanskje fortsatt er det - av eksepsjonelt dyktige personer med et sikkert skjønn. Men jeg ville finne det bertryggende om undersøkelsen av en slik hypotese i noe større grad hadde vært basert på et kildetilfang som gikk utover FFIs eget arkiv. Jeg synes forfatterne har gjort en god jobb innenfor de praktiske rammer de har hatt, men i en anmeldelse synes jeg det var naturlig å peke på noen begrensninger i en slik bedriftshistorisk tilnærming.

Nils Petter Gleditsch

Norsk Hydro - forskning og produksjon

En av de få store aktørene innen norsk industriell forskning og utvikling (FoU) er Norsk Hydro. Konsernet har hatt betydelig innflytelse på utformingen av norsk forskningspolitikk. Boken «Et forsøk verdt» gir oss et rikt innblikk i hvordan Norsk Hydro har drevet FoU og hvilken rolle det har spilt for selskapet. Dermed blir den en reise gjennom en norsk industrihistorie og et møte med industriens ambivalente forhold til FoU.

Kjetil Gjolme Andersen og Gunnar Yttri: Et forsøk verdt - Forskning og utvikling i Norsk Hydro gjennom 90 år. Oslo (Universitetsforlaget) 1997, 374 sider.

Boken *Et forsøk verdt* springer ut av et prosjekt til en større bedriftshistorie om Norsk Hydro som skal utgis til 100-årsjubileet i 2005. Utgangspunktet var 50-årsjubileet til Norsk Hydros forskningssenter i Porsgrunn i 1997.

Forskningsbasert industri

Forfatterne mener at Norsk Hydros forskningshistorie egentlig begynte før etableringen av forskningssenteret, og boken dekker derfor et tidsspenn på omtrent 100 år. Leserne bringes raskt inn i handlingene som etablerte bedriften Norsk Hydro: En desemberkveld i 1905 i Kristiania, da ingeniør Sam. Eyde gikk på talerstolen i Polyteknisk Forening samtidig som fysikeren Kristian Birkeland besteg talerstolen i Videnskapsakademiet. Begge kunngjorde oppfinnelsen av lysbueprosessen for fremstilling av kvelstoff (nitrogen) til produksjon av kunstgjødsl for land-



Skøien Forsøksstasjon fra 1919

Helge Godø og Vera Schwach

bruket. Tre dager senere ble industriselskapet *Norsk Hydro-Elektrisk Kvelstoff-aktieselskap* stiftet. Men forut for etableringen lå mange år med FoU-arbeid, hvor teknologien som Kristian Birkeland hadde utviklet inngikk. Det var bl.a. en elektrisk kanon (patentert 1901). Sam. Eyde søkte på sin side å finne en industriell utnyttelse av flere fossefallrettigheter som han hadde kjøpt opp. Den kreative prosess som sammenkoblingen av vitenskapsmannen Birkeland og entreprenør-ingeniøren Eyde resulterte i - etableringen av Norsk Hydro - er et av de klassiske eksempler på hvordan en innovasjon kan skapes som en lineær prosess, fra forskning til produksjon og kommersiell suksess.

FoU og industri

Har det vært noen sammenheng mellom Norsk Hydros suksess som industriselskap og satsingen på FoU? For å svare på dette har Gjolme Andersen og Yttri særlig satt fokus på hvordan FoU i Norsk Hydro er blitt ledet og organisert, altså bedriftens vekslende FoU-strategier og -politikk opp gjennom tidene. I en første periode fra 1905 til 1927 etablerte bedriften en selvstendig, vitenskapsorientert forskningsenhet med akademisk identitet. FoU foregikk ved den nybygde Norsk Hydros Forsøksstasjon på Skøien ved Kristiania, mens selve produksjonen av kunstgjødsl foregikk i Nedre Telemark. Men i 1927 ble dette og mye annet i Norsk Hydro raskt endret. Eyde/Birkeland-prosessen var blitt avleggs, og Norsk Hydros stilling på kunstgjødslsmarkedet var truet. Under ledelse av den nye generaldirektøren, Axel Aubert, ble virksomheten i Norsk Hydro, herunder forskningsakti-

viteten, radikalt lagt om. Hensikten var både å kutte kostnader og knytte FoU nærmere til den ordinære fabrikkdriften. Dessuten: Til tross for gunstige vilkår over mange år syntes det ikke som om forskerne hadde greid å skape innovasjoner som kunne fornye Norsk Hydro. Forsøksstasjonen på Skøien ble annonsert til salg. Som ledd i Auberts omstilling inngikk Norsk Hydro nå en allianse med den tyske kjemigiganten I.G. Farben om videre produksjon av kunstgjødsl. Det lille som var igjen av FoU-aktiviteter ble lokalisert nær fabrikkproduksjonen med primæroppgave å forbedre eksisterende produksjonsteknologi.

Etter annen verdenskrig, i 1947, ble det nåværende forskningssenteret i Porsgrunn etablert. Forskningslaboratoriet, som det først het, skulle også utføre grunnleggende og orienterende forsøk, i tillegg til den produksjonsnære FoU. Ambisjonen var, som før 1927, å skape ny, innovasjonsbasert industri for Norsk Hydro. Denne FoU-strategien, som var typisk for den umiddelbare etterkrigstiden, ble gradvis justert ved inngangen til 1960-tallet. Nå var det var den nye generaldirektøren, Johan B. Holte, som la om Norsk Hydros FoU-strategi: Dens formål ble rendyrket til å utvikle prosesser og produkter innenfor de områder der Norsk Hydro allerede var etablert, etter oppdrag fra "brukerne" der. Omleggingen av FoU-strategien sammenfalt med en rask vekstperiode i Norsk Hydro - en vekst som ennå ikke har avtatt. Norsk Hydro ble et multinasjonalt, divisjonalisert konsern. Veksten kom gjennom satsing i etablerte industrigrener, slik som lettmetall (aluminium og magnesium), petrokjemi, samt olje og gass i Nordsjøen. FoU-ansvaret ble samtidig divisjonalisert. Norsk Hydros ekspan-

Forts. på side 22

Forts. fra side 21

sjon skyldes i liten grad industrialisering og kommersialisering av egne FoU-resultater, men har vært basert på kjøp av etablert teknologi skapt utenfor Norsk Hydro, til industriell foredling av billige norske råstoffer og energi. Norges naturrikdommer har vært Norsk Hydros viktigste suksessfaktor.

Denne nøkterne, produksjonsnære FoU-strategien har dominert Norsk Hydro frem til nå. Generelt har denne tankegangen betydelig gjenklang hos norske industriledere i deres syn på FoU og forskningspolitikk. Forfatterne får tydelig frem konsekvensene av en forskningsstrategi der FoU-ansvaret legges til divisjonene for å oppnå tett kobling mellom FoU og «brukere». Resultatet har vært at inkrementelle, driftsnære oppgaver inntar en dominerende posisjon. Bekymring for stagnasjonen kan forklare hvorfor også generaldirektør Torvild Aakvaag på 1980-tallet ble pådriver for nyskaping og friske FoU-satsinger i Norsk Hydro. I hans tid ble flere store satsinger ut over bedriftens kjerneområder igangsatt. I dette inngikk oppkjøp av små, innovative bedrifter, ut fra en venture-kapital modell. Til tross for hundrevis av millioner kroner brukt på slike prosjekter, bekrefter boken at det var noe halvhjertet over FoU-satsingene, slik man kan se ved utviklingen av plastbaserte optiske fibrer (s.290) og kreftmedisinen Zilascorb (s.294). Begge prosjektene er nå skrinlagt. Forfatterne gir inntrykk av at Aakvaags friske initiativ er forlatt. Norsk Hydro kan imidlertid vise til suksesser som stammer fra Aakvaag-tiden, blant annet i fiskeoppdrett og alginatproduksjon, der selskapet gjennom bedriftsoppkjøp er blitt en betydelig aktør i dag.

Håpets strategi

Ressurser til FoU og måten FoU-arbeidet er organisert på, artikulere bedriftsledelsens syn på forskningens rolle. Har det vært noen sammenheng mellom Norsk Hydros suksess som industriselskap og satsingen på FoU? Gjølme Andersen og Yttri har rett i at strategien for «en forskningsledet diversifisering har slått feil» (s.302). De låner den megetsigende betegnelsen «håpets strategi» fra en av sine informanter i Norsk Hydro for å karakterisere bedriftens holdning til FoU. Man aner at Norsk Hydro har hatt tilløp til store, radikale satsinger, men i det lange løp har disse ikke blitt fulgt opp. Årsmeldingen for 1997 viser at bedriftens FoUs



Kristian Birkeland, her avbildet på 200-kroner seddelen, var gull verdt for Norsk Hydro.

kostnader utgjorde 868 millioner kroner. Det er et betydelig beløp, og i Norge var det bare Nycomed som brukte mer til FoU. Likevel kan man reise spørsmålet om ikke Norsk Hydro, i likhet med norsk næringsliv for øvrig, *underinvesterer* i FoU. FoU-kostnadene utgjorde i 1997 kun 0,9 prosent av konsernets totalomsättning, noe som sammenlignet med lignende selskaper av Norsk Hydros kaliber er et relativt lavt tall. Slik bekrefter boken et inntrykk vi som utenforstående har hatt av Norsk Hydro. Selskapet står i praksis for en forsiktig og inkrementell FoU-strategi med hovedfokus på optimalisering og forbedringer av eksisterende teknologi, særlig produksjonsprosesser. FoU-arbeidets betydning for de store teknologiske sprang og innovasjoner har siden Birkeland og Eydes tid vært begrenset. Derimot har FoU betydd mye for Norsk Hydros evne til god fortjeneste og vekst. Dette er jo tross alt det viktigste for et foretak, men man kan hevde at med litt større og mer tålmodig satsing ville Norsk Hydro sannsynligvis ha greid seg enda bedre, for den som intet våger...

Norsk Hydro i forskningspolitikken

I bokens persongalleri finner vi flere generasjoner av innflytelsesrike industribyggere, mange av *crème de la crème* fra NTH. Ledende teknologer fra Norsk Hydro har fremstått som en elite og har vært et symbol på den nasjonale ambisjonen om det moderne og teknologisk avanserte Norge. I kraft av dette og sin størrelse har Norsk Hydros ledere også hatt innflytelse på planer, strategier og prinsipper for den offentlige forskningspolitikken. De har vært forkjempere for

ideologien omkring «brukerstyrt» forskning, som nå dominerer især den næringsrettede forskningspolitikken.

Verdt å lese

Boken er smakfullt formgitt. Den er velformulert og velstrukturert, men er likevel noe mangelfull. Teksten kunne med fordel vært redigert bedre. Billedbruken er rik og gjenspeiler hovedfokus i boken, men billedtekstene er ofte mangelfulle, noen ganger intetsigende. Av faglige innvendinger vil vi peke på: Det skarpe skillet som trekkes opp mellom universitetenes grunnforskning og Norsk Hydros industrielle FoU blir stundom krampaktig og kunne vært problematisert. Om forfatterne hadde hatt større teknisk innsikt (noe de skriver at de ikke har), ville de kanskje hatt mer nyanserte forklaringer og tolkninger - eller kanskje lagt mindre vekt på tekniske detaljer. Vi savner en diskusjon om forholdet mellom teknologi og vitenskap. Dessuten får vi vite lite om hva slags forhold Norsk Hydro har til FoU utenfor bedriften. De forteller lite om FoU-allianser, FoU-kjøp, samarbeid, finansiering, etc. - og blir spesielt vage jo nærmere de kommer vår samtid. Sist, men ikke minst, får vi ikke tak i hva Norsk Hydro - vår nasjonaleiendom - tenker om FoUs rolle og visjoner for fremtiden. Vil man fortsette i det spor Aubert og Holte trakk opp - eller er det tid for nytenkning også her?

Tross disse innvendinger er det absolutt et forsøk verdt for alle som er opptatt av fremveksten av norsk industriell FoU - å pløye seg gjennom nettopp *Et forsøk verdt*.

Godø og Schwach arbeider ved NIFU.